

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 06.05.2014
Vår ref.: 2014/16048-1
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.: «REF»

Invitasjon til deltaking i kunstkomité for Bybanen trinn 3

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kunst- og kulturformidling er sekretariat for kunstkomitéen/-prosjektet for Bybanen trinn 2 og 3. Vi starter no arbeidet med kunstprosjektet for trinn 3 og inviterer herved dykk til å nemne opp representant/representantar til kunstkomitéen for denne fasen.

Det vert invitert representantar frå følgjande til å delta i komitéen:

Bybanen utbygging 2 repr.

Bybanen AS 1 repr.

Bergen kommune, byrådsavd. for kultur, næring, idrett og kirke. 1 repr.

Hordaland kunstsenter 1 repr.

I tillegg stiller

Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavd. med 2 repr. og to kunstnarlege konsulentar.

Hordaland fylkeskommune har sett av 5 millionar kroner til kunstprosjekt knytt til Bybanen trinn 3. Ein vil også gå i dialog med (i hovudsak) private aktørar for å auke midlane.

Det er sett opp to komitémøter før sommarferien. Oppstartsmøtet for kunstkomitéen trinn 3 er sett til torsdag **5. juni kl. 12.** Det vil då haldast møte med påfølgjande synfaring langs traséen, og vi sett av tida fram til kl. 16. Påfølgjande møte, og siste før sommarferien vil verte **19. juni kl. 13 – 15.30.**

Når det gjeld arbeidsmengde for komitémedlemmane vidare reknar vi med at komiteen samlast til eit tretimers-møte omlag ei gong i månaden.

Vi ber dykk utnemne representant til kunstkomiteen og gje tilbakemelding om dette til tone.stedal.haugland@hfk.no innan 19.mai.

Innkalling og agenda vil etter dette verte sendt direkte til den oppnemnde representanten.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
Seksjonsleiar/utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.